

**Notat**

Dato: 01.07.2014  
Arkivsak: 2014/240-11  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Samferdselsutvalet, Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Nytt togmateriell på lokalstrekninga Bergen-Myrdal**

På møte i samferdselsutvalet den 4. juni 2014 stilte representanten Tom Skauge slikt spørsmål.

*NSB har hatt planar om nytt togmateriell på lokalstrekninga Bergen-Myrdal.  
Kan fylkesrådmannen be NSB om å gje status for arbeidet med å få nytt togmateriell.*

Samferdselsadministrasjonen har faste dialogmøte med NSB der aktuelle problemstillingar rundt ruteproduksjon, drift og materiell vert drøfta.

I NSB sitt innspeil til NTP 2014 – 2023 føreslo ein nytt togmateriell til Vossebana frå 2016. Bakgrunnen for forslaget er at noverande togmateriell ikkje er tidsmessig. Nytt togmateriell vil ha konsekvensar for infrastrukturen.

På oppdrag av Samferdselsdepartementet leverte NSB 1. desember 2013 forslag til «Langsiktig plan for anskaffelse av elektrisk togmateriell, 10 – 12 års perspektiv». Basert på den dialogen som var med Jernbaneverket under arbeidet med handlingsprogram, blei leveringstid for nye tog til Vossebana og Bergen-Arna i denne planen foreslått til perioden ultimo 2017 til primo 2018. Føresetnadene for eit slikt leveringstidspunkt ville vera at ein nyttar seg av opsjon på kjøp av ytterlegere tog av typen Flirt fra Stadler AG som vert levert til bruk på Austlandet.

Jernbaneverket har i sitt endelege Handlingsprogram 2014-2023, identifisert trøng for infrastrukturtiltak knytt til nye tog på Vossebana. Tiltaka omfattar betra straumforsyning gjennom ny omformarstasjon i Arna, auka sporkapasitet på Voss og i Bergen samt plattformforlenging på enkelte stasjonar. Nye tog har under akselerasjon eit høgare straumforbruk enn dagens tog. I handlingsprogrammet er det ikkje funne plass til finansiering av desse tiltaka i første del av planperioden. Tiltaka er difor plassert i perioden 2018-23. Av dei turvande infrastrukturtiltaka er det ny omformarstasjon på Arna som har lengst ledetid. Jernbaneverket meiner at eit anlegg kan stå ferdig i 2019 dersom finansieringa ligg føre. På denne bakgrunn har NSB teke initiativ til dialog med JBV om det er teknisk/operativt mogleg (gjennom justert effektuttak på toga) å gjennomføra dagens togtilbod med nye tog med eksisterande straumforsyning. Arbeidet med dette pågår.

NSB kjøper inn og finansierar togmateriellet sjølv. Innkjøp kan kun finna stad når det ligg føre såkalla restverdisikring frå staten si side for investeringane. Det inneber at staten påtek seg ein vesentleg del av den økonomiske risikoene i fall NSB i framtida ikkje skulle få bruk for toga. Ein føresetnad for at NSB skal kunne fremja ein restverdisøknad til SD er at infrastrukturtrøngsen er identifisert og at det ligg føre planar og finansiering som gjer det mogeleg å ferdigstilla tiltak innan nye tog kan setjast i drift.

NSB gjer fortløpende sonderingar i marknaden knytt til mogeleg innleige. Det fins per i dag ikkje togmateriell til leige eller for kjøp som er aktuelt for bruk i Norge. Om slikt togmateriell likevel skulle finnast, vil modifikasjonar for tilpassing til norske forhold både ha ei realiseringstid og ein kostnad som ikkje ville kunne forvarast i sammenlikning med nytt materiell tilpassa den aktuelle bruken.

Uavhengig av dette så vil det bli sett inn 9 ombygde togsett i regionen i løpet av inneverande/neste år.